



Trygg i presentasjon

Kompetansemål

Eleven skal kunne:

- bruke fagspråk og argumentere saklig i diskusjoner, samtaler, muntlige presentasjoner og skriftlige framstillinger om norskfaglige og tverrfaglige temaer (norsk)
- informere, fortelle, argumentere og reflektere i ulike muntlige og skriftlige sjangre og for ulike formål tilpasset mottaker og medium (norsk)
- reflektere over korleis identitet, sjølvbilete og eigne grenser blir utvikla og utfordra i ulike fellesskap, og presentere forslag til korleis ein kan handtere påverknad og uønskte hendingar (samfunnsfag).

Til læraren

Presentasjonar framfor klassa har fått stor plass i skulen i mange år. Det som for mange er ein grei måte å vise kunnskap på, er for andre eit mareritt. Mange lærarar, foreldre, helsejukepleiarar og andre fagfolk innan psykisk helsevern har hørt fortalte elevar sette ord på kor vanskeleg det er for dei å stå framfor klassa si slik. For enkelte tek det nattesøvnen og pregar deira psykisk helse negativt.

Mange skular og lærarar har tatt dette på alvor og laga ulike ordningar for elevar som treng andre måtar å vise kunnskap på. Alt frå å få presentere aleine for lærar, få spele inn presentasjonen heime, framføre i trygge grupper og meir.

Når elevar har fryktreaksjonar knytt til framføring vil det vere klokt å hjelpe elevane til å meistre situasjonen i auka grad. Det bør gjerast ved å tilpasse framføringa, og hjelpe eleven til å flytte eigne grenser gradvis. Eksponering må skje i små dosar, etter avtale med eleven sjølv, i trygge rammer og med god støtte. Vi må sørge for at eleven får ei god oppleveling av å prøve.

I denne timen får elevane snakke med kvarandre om alt dei fryktar i presentasjonar. Dette er det fint om du som lærar møter med forståing. "Eg forstår godt at elevar kjenne seg utrygge for det" "Det å kjenne det slik må gjere vondt" "Det hadde vore fint om alle kjente seg trygge på å stå framfor klassa si og presentere, men vi veit at ikkje alle gjer det. Vi er forskjellige og det er greitt"

Målet med denne timen er at elevane sjølv skal kome fram til metodar for presentasjon som dei er komfortable med. Det er viktig at alle faglærarane i klassa tek omsyn til ønskja elevane skulle kome med i denne økta, i åra som kjem. Vi har valt å halde fokus på kva lærar kan gjere for å gjere elevane trygge, og kva medelelevane kan gjere for at presentasjon skal kjennast så trygt som mogleg.

1. Sjå denne filmen: [Diary of a Wimpy Kid \(2010\) - The Wonderful Wizard of Oz Scene \(5/5\) | Movieclips - YouTube](#)

2. La elevane snakke saman to og to:

- Kva er di verste oppleving når du har haldt ein presentasjon?
- Kva er di beste oppleving når du har haldt ein presentasjon?

Plasser elevane i grupper og gi dei eventuelt eit ark dei kan skrive på:

- Kva er det verste som kan skje når vi skal presentere noko i klassa?
- Når du skal presentere noko for ein lærar eller for klassa, på kva måte føretrekker du å gjøre det på? (tips: lage video, spele inn podcast, lage ein digital presentasjon eller ein plakat, presentere berre for nokre av dei som er i klassa...)

3. Rollespel:

Som avslutning på denne bolken skal de spele ut eit rollespel i full klasse. Ein frivillig elev, (som bør vere ein trygg elev) eventuelt lærar, skal kome fram og presentere eit tema som er eleven likar å snakke om (ei interesse, favorittartist, eller anna ein kan ta på sparket).

Bli einig om kva som er det verste medelelevane og læraren kan gjøre, og spel ut dette medan eleven presenterer.

- Korleis kjennes dette?

Etterpå snur de på situasjonen; kva er det beste medelelevane og læraren kan gjøre? Spel ut dette også, og snakk om forskjellen dette utgjer for både den som presenterer og dei som hører på.

4. Sjå denne om kva som er lurt når ein skal halde presentasjon: [TRIKS! Slik snakker du bra foran klassen - YouTube](#)

- Kva skal til for at vi skal kjenne oss trygge i klassa vår når vi skal presentere noko for kvarandre? Kva kan lærarane gjøre? Korleis skal vi som klasse vere mot kvarandre?

Om der er tid kan klassa gjerne lage huskelister for presentasjon som kan henge på veggen. «Dette treng vi frå kvarandre når vi presenterer» og «Dette treng vi frå læraren vår når det er presentasjon».